


Rydlandsvågen næringsområde, gnr. 343 bnr. 27 mfl. - Alver kommune



Kartutsnitt over planområdet, målestokk 1:1500

Opplysninger om fagkyndig/plankonsulent

Firma: ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Kontaktperson: Turid Verdal
E-post: turid@abo-ark.no
Telefon: 905 22 958

Opplysninger om forslagstillar

Firma: Salar Bruk AS
Kontaktperson: Kristian Råsberg
E-post: kristian.rasberg@fjordbruk.no
Telefon: 992 10 109

Opplysninger om heimelshavar

Namn: Salar Bruk AS
E-post/telefon: Driftsleiar Jørn Fanavoll,
992 09 825 / 56 17 45 50,
salar.bruk@fjordbruk.no

Formålet med planen (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav a)


Føremålet med planen er å regulere næringsføremål knytt til landbasert oppdrett. Ein vil regulere dagens situasjon for Salar Bruk AS i Rydlandsvågen, samt område for framtidig utviding av anlegget. I tillegg er Stekkevikvegen fram til busslomme ved fylkesvegen inkludert i planområdet for å kunne regulere for vegutbetringar.

Det har vore oppdrettsaktivitet i Rydlandsvågen sidan tidleg 1960-talet, og anlegget har vokse i takt med utvikling i oppdrettsbransjen. I dag er det eit påvekstanlegg bestående av administrasjonsbygg og frittstående fiskekar, samt tilhøyrande infrastruktur. Tiltakshavar har over år søkt om enkeltvise tiltak, men ser behov for å sjå området samla i ein reguleringsplan særleg då lokaliteten i 2014 fekk løyve til auka produksjon, 11,5 millionar fisk per år. For å kunne utnytte løyva som er gitt er det behov for endringar i arealbruk som ein no ønskjer å regulere.

Gjeldande plansituasjon og føringar (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g)

Planområdet ligg i tidlegare Meland kommune. Det er ikkje utarbeida felles kommuneplan for arealdelen i nye Alver kommune, og fram til ny plan er det kommuneplanen sin arealdel for Meland vedteke 16.10.2019 som gjeld. Denne er omtala som kommunedelplan Meland.


Innanfor plangrensa er følgjande arealføremål: Næring, bustad, grønstruktur, friområde, samt i sjø/elv Friluftsområde og bruk og vern av sjø og vassdrag. I tillegg overlappar omsynssonene planområdet: Omsyn kulturmiljø, Vikabø (§4.3.1). Bandleggingssone etter friluftsløva, Lunden friluftsområde (§4.3.4). Sikringssone – verneplan for Rydlandsvassdraget (§4.1.1). Sjå tydelegare kart her; [kommuneplankart og desse omsynssonene](#). For området gjeld felles føresegnar og om omsynssonene (§ 4), samt § 2.1.3 spesifikt for næringsføremål og 3.3 om føremål til sjø og vassdrag.



Kartutsnitt over planområdet med kommunedelplan Meland som bakgrunn.

Planområdet overlappar delvis med reguleringsplan Bergotunet vedteke i 2014. Avkøyning frå fylkesvegen er detaljregulert i denne reguleringsplanen. Det er elles ingen reguleringsplanar innanfor eller som planområdet grenser til.

Ein er ikkje kjent med at det er andre pågåande planarbeid i nær planområdet. Det er under arbeid reguleringsplan for deler av fylkesveg 546, *Roslandsvegen, fv. 564 Fløksand - Vikebø*. Kommunen har opplyst om at det truleg vert lagt rekkefølgekrav knytt til utbetringar ved Leiro før meir trafikk kan tilførast fylkesvegstrøkket forbi Leiro.



Kartutsnitt som viser reguleringsplan for Bergotunet, 2014.

Forvaltningsplan for Rydlandsvassdraget er vedteke i 2007. Denne viser m.a. til aktuelle tiltak i vassdraget med delmål til tema vasskvalitet, arealstilstand, natur/landskap/naturmangfald, fiskeressursar, kulturverdiar, friluftsliv, reiseliv, tradisjonelt landbruk, støy og motorisert ferdsel.


- Er formålet i samsvar med overordna plan?

Planframlegget er i samsvar med kommunedelplan Meland for areal avsett til næring. I tillegg vil ein regulere areal avsett til bustad og ein mindre del av grønstruktur til næringsføremål. I sjø vil deler av areala vist som friluftsområde verta endra til næringsføremål for å kunne etablere ny gangbane langs land og røyr på sjøbotn. Det vil verta planlagt for næringsføremål innanfor omsynssonene som ligg i kommuneplanen. Sjå skisse under som viser tidleg utkast for areal ein ønskjer å regulere til næringsføremål. Næringsføremålet i kommuneplanen er 23 daa, og arealet vist som næring i skissa under er ca. 34 daa. Det vil kunne kome endringar i storleik og utforming på næringsområdet i løpet av planprosessen.

Kommuneplanen sin arealdel har sett byggegrenske til sjø innanfor området. Grensa følgjer føremålsgrensa for næring, bustad og kai. Ein vil avvike denne på deler av planområdet lengst sørvest. Det er ikkje sett byggegrenske for areal mot Rydlandsvassdraget i kommuneplanen sin arealdel. Føresegn § 1.6.1 gir ei generell byggegrenske mot vassdrag på 50 meter. Dette vil ein avvike i reguleringsplanen.

Planframlegget vil truleg avvike krav om parkeringsdekning, samt 5% grønt bufferareal innanfor næringsføremålet avsett i gjeldande KDP Meland. For å kompensere for inngrep i naturområde vil ein sjå på tiltak for tilrettelegging i etablert friområde.


KDP Meland pkt. 1.6.1 viser til at vegnormal N100 er gjeldande. Ein avvik frå krav i N100, versjon okt. 2022, for pkt. 2.7 [adkomstveg for næringsområde](#), som gir 6/6,5 meter vegbane. Dette medføre for uforholdsmessig store inngrep i tilgrensande eigedomar sett i forhold til trafikkmengd og -tryggleik. N100 sett ikkje krav til at det skal vera fortau for adkomstveg for næringsområde. Eksisterande tilkomstveg, Stekkevikvegen, fungerer også som tilkomst til bustadar, jf. N100 pkt. 2.6 [Boliggater/boligveger](#). N100 sett ikkje krav til fortau for bustadgater/-vegar, men viser til at bustadgater/-vegar kan utformast med fortau.



Kartutsnitt over planområdet med kommuneplanen sin arealdel som bakgrunn, og tidleg utkast av areal til næringsføremål og hamn i reguleringsplan, synt med lilla og blå skravert område. Omfang av næringsføremålet vil kunne bli endra ila prosessen og er berre ein illustrasjon.


o Relevante løyve / tidlegare vedtak

Meland kommune ga i 2019 løyve til terrenginngrep og utfylling i sjø. Arealet som skal planerast og fyllast i sjø er markert på kartet til høgre med blå stipla linje. Utfylling i sjø er markert med mørkare lilla farge. Anleggsarbeida knytt til områda vist i kartet til høgre er under arbeid. I tillegg er også gitt løyve til planering av eit øvre nivå lengre aust (kote +6). Det er ikkje gjennomført tiltak knytt til desse områda.



Forholdet til gjeldande løyve til anlegget Salar Bruk:

- Produksjonsløyve er gitt av Vestland Fylkeskommune i 2014. Her er det gitt løyve til produksjonsmengde og tilhøve til utslepp etter m.a. forureiningslova som sett krav til reinsegrad og utsleppspunkt. Sjå vedlegg.
Salar Bruk AS har dokumentasjon på at tidlegare Meland kommune ga løyve i 1999 til at slamleidning vert ført inn på kommunalt avløpsnett (Saknr. 067/99 og 104/99). Sjå vedlegg.
- Uttak av ferskvatn for produksjonen er gitt av NVE i 2001. I dette løyvet er det sett krav til lågaste og maksimal (LRV 9,83 og HRV 11,14) vasstand for Storavatnet-Björdalsvatnet, samt nytt vassuttak sentralt i Rydlandsvassdraget. I samband med konsesjonssøknad vart spørsmål til oppgang av fisk/fiskehinder etc. vurdert, og NVE har ikkje sett krav om fiske-trapp eller andre avbøtande tiltak. Sjå vedlegg.



Illustrasjon av vassinntak (rød linje), utslepp av slam (oransje) og påkoplingspunkt til kommunal avløpsleidning (gul linje). Kjelde: Rådgivende biologer 2012 (dokumentasjonsvedlegg til søknad om utviding ved Salar Bruk).


Planområdet og omgjevnadene (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav b)

- o Planavgrensing, forslag.

Planområdet er ca. 57,6 dekar stort og strekk seg frå sjø og opp Rydlandsvassdraget fram til og med vassinntaket til anlegget, og langs deler av Stekkevikvegen. Plangrense i sør er lagt med ein buffer frå eigedomsgrensa, samt litt inn på land lengst vest for å kunne legge til rette for tiltak i sjø. I tillegg er grensa lengst søraust langt inn mot friluftsområdet for å regulere vassinntaket, samt få betre arrondering av nytt næringsareal.

Mot nord følgjer plangrensa i hovudsak eigedomsgrenser, med unntak av eksisterande tilkomstveg til eigedom gnr. 345/93 som er valt å legge utanfor plangrensa.

Deler av tilkomstvegen, Stekkevikvegen, er teke med i planområdet for å sikre areal for utbetring av køyrevegen, samt avkøyringspilar til etablerte eigedomar.




Kartutsnitt over planområdet, målestokk 1:1500. Plangrensa er vedlagt i sosi-format.

- Skildring av areal ved næringsområdet

Planområdet ligg i utløpet av Rydlandsvassdraget inst i Rydlandsvågen, på Vikøy. Det ligg på øya Holsnøy, i ytre del av Roslandspollen i gamle Meland kommune.

Det er i hovudsak Salar Bruk AS som eig innanfor planområdet (gnr. 343/15, 27, 76, 97, 98, 101, 171). I tillegg eig Alver kommune friluftsområdet Lunden, gnr. 343/9, sør i planområdet, samt areala langs Stekkevikvegen. Ein mindre del land Stekkevikvegen er i felles eige, gnr. 345/1, 7-13. Det er privatpersonar som eig på nordsida av Stekkevikvegen.

Området innanfor plangrensa er prega av dagens påvekstanlegg med administrasjonsbygg og frittstående fiskekar, samt tilhøyrande infrastruktur. Vassdraget er demt opp med eksisterande demning midt i planområdet. Det står igjen restar av konstruksjonar i området der det tidlegare var demning (aust for dagens demning). Deler av Rydlandselva nærmast sjøen ligg i kanal under etablert næringsareal. Areala som i dag er nytta til næringsverksemd er om lag 13 dekar stort. Det er i 2019 gitt løyve til utfylling i sjø (under arbeid) og sprenging av område nærmast elva. Lengst aust i planområdet er det etablert vassinntak, der det ligg 1000 mm røyr i elva og med vasskumme like inn på land. Det er etablert anleggsveg opp til dette området. Vassdragskonsesjon er gitt i 2001.



Skildring av dagens situasjon ved næringsområdet.



Bilde av nedre del av dagens anlegg ved administrasjonsdelen.

Næringsområdet ligg i ein dal mellom høgare høgder i nord og i sør. Det er ein del busetnad langs Stekkevikvegen, medan områda i sør er skogsområde. Det er innsyn til området frå sjøsida, samt eit mindre delstrek ved brua på Fv. 564. Det er ikkje direkte innsyn frå busetnad sør for planområdet, og i mindre grad for busetnad langs Stekkevikvegen. Det er bratt terreng på nordsida av elva og slakt stigande terreng på sørsida av anlegget.



Bilde av nedre del av elva. Til venstre teke frå dagens demning, og til høgre teke frå dagens vassinntak.

- Skildring av Stekkevikvegen/ tilkomst

Tilkomst til planområdet er frå fylkesvegen Rosslandsvegen, og vidare kommunalveg Kv2123, Stekkevikvegen, til kaiområdet. Der frå og sørover er det privat veg til anleggsområdet.

Stekkevikvegen er om lag 460 m lang, er klassifisert til bruksklasse Bk8-32 tonn og maksimal lengde vogntog på 12,4 meter. Vegen er asfaltert, med varierende breidde mellom 3-3,5 meter breidde. Vegen går delvis tett på etablert busetnad, hagar, parkering og murkonstruksjonar.

- Skildring av nærområdet.

Det er etablert bufellesskap for eldre og skule langs Rydlandselva ved der fylkesvegen kryssar elva. Elles er det bustadar og hytter i nærområdet.

- Stadanalyse, kart med skildring.

Landskap og historie


Planområdet ligg i eit dalsøkk langs Rydlandsvassdraget, som går vest-aust. Vassdraget har vore *nytt* som ressurs sidan 1700-talet. Mellom anna veit ein at Ryland var ein av dei få gardane som hadde eit godt fossefall som kunne nyttast til m.a. mølledrift, og at det tidleg på 1700-talet vart det kravt kvernskatt av "Rylands aargangsværn". Mølla på Ryland (der Salar Bruk i dag ligg), var frå gammalt av noko meir enn ei vanleg gardskvern. Anlegget vart stadig utvikla, og på 1870-talet vart den fornya og bygd opp att på nytt. Etter kvart som mølla vart bygd ut, var det også trong for meir vatn og jamnare vassføring for å sikra kontinuerleg drift. Vassdraget vart regulert, noko som vart gjort i fleire rundar. Mølledrifta vart avslutta då mølla brann ned i 1912. Først på 1960-talet overtok Rylandsvåg Fiskeri vassdragsrettane, og deretter vart det Salar Smolt AS som moderniserte og bygde anlegget vidare. I slutten av 2007 tok Alsaker Fjordbruk AS over anlegget, som frå då av fekk namnet Salar Bruk AS. Vassdragskonsesjon er gitt i 2001 og utvida produksjonsløyve i 2014.




År; 1966 (planområdet markert)




År; 1982 (planområdet markert)



Dagens landskap/terreng i kring etablert og planlagt næringsområde.



Dagens terreng



Synlegheitsanalyse sett frå eit spesifikt punkt på kainivå ved anlegget.

Planområdet er del av 3 delområde i kartlegginga Landskapsverdi Hordaland. Areala nærmast sjøen er del av Isoen-Rosslandspollen klassifisert som våg- smalsundlandskap, verdi 3 (middels). Areala lengst søraust er del av Eikehaugen klassifisert som åslandskap, verdi 2 (vanleg førekommande). Areala lengst nordaust er del av Rydlandsvatnet klassifisert som vågsvatn,

verdi 4 (stor). I NiN-landskap er planområdet definert som kystslettelandskap, beskytta indre småkupert kystslette med tettstad: «Typen omfatter landskap på den indre delen av kystsletta, ofte på innsiden av større øyer eller i kystslette innover mot fjordene som i større grad er skjermet for bølge- og vindeksponering fra åpent hav. Landområdene har 'innlandsegenskaper' i form av forekomst av vassdrag og økt arealbruksintensitet. Områdene hører til den mer kupert delen av kystsletta med vekslende terreng over og under havnivå. Landskapet er tydelig preget av menneskelig arealbruk, med et større tettsted, småby eller konsentrasjoner av fritidsbebyggelse med høy bygningstetthet».

Busetnad, kommunikasjon og målpunkt

Kartet under viser bustadfelt, viktige målpunkt og kollektivhaldeplassar i nærleiken av planområdet. Det viser også friluftsområdet Lunden og kai/kulturmiljø i Rydlandsvågen som er aktuelle målpunkt.




Skildring av målpunkt/funksjonar i nærområdet. Eksisterande og planlagd næringsareal er synt med svart stipla linje.

Statleg sikra friluftsområde Rydlandsneset, ID FS00001607, også kalla Lunden. Området vart sikra i 1977. Dette er skildra som eit frodig område med blandingskog og gammalt kulturlandskap. Litt bratte strender, men brukande badeplassar i fleire små vikar. Det er Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) som har driftstilsyn på området. Brukarfrekvensen er klassifisert til lite, brukargruppe lokalt, og eigna til tur, bading og strandbaserte aktiviteter.

Det er ingen automatisk freda kulturminne innanfor eller nær planområdet. Kulturmiljøet Vikebø er teke i vare som eit heilskapleg kulturmiljø knytt opp mot kystkulturen i Vikebø. Omsynssoona består av, innanfor plangrensa 1-3 og 4-7 utanfor plangrensa:

1. Meieriet
2. Ishuset
3. Posthuset
4. Venteskur
5. Bustad
6. Naust
7. Skule og strikkevarefabrikk



Kulturmiljøet er synt med rødt stipla linje, deler av plangrensa med svart stipla linje.

Strandsone, naturmangfald og vassdrag

Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Store deler er klassifisert som inngrepsnære område pga. eksisterande tiltak.


Det er ikkje registrert verna naturområde, utvalde naturtypar, naturtypar, marine naturtypar eller særlege artsobservasjonar innanfor eller i nærleiken av planområdet. I artsdatabanken er det registrert skuehavgras (nær trua) innanfor planområdet. Dette er ein art i havgrasfamilien som veks i brakk- og saltvatn. Lokaliseringa er sett på land og med ein unøyaktigheit på 200 meter. Det er usikkert om denne registreringa er innanfor planområdet. Det er elles få artsobservasjonar utanfor planområdet, einaste er den rødlista gråmåka (sårbar). Det er likevel grunn til å tru at det er eit mangfaldig dyre- og planteliv i område med naturleg vegetasjon.

Rydlandselva er del av verneplan for vassdrag. Det er verna mot kraftutbygging. Elva og vassdraget har i lengre tid vore regulert, sidan mølledrift på 1700-talet. Vassdraget er i vannnett miljøklassifisert til dårleg økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand, og at det er nødvendig å gjennomføre tiltak for oppnå god miljøtilstand. Klassifiseringa er med bakgrunn i kvalitets-element fisk, og at fisk er påverka av vandringshinder og vassregulering. Det er gitt løyve til regulering og uttak av vatn for produksjon på Salar Bruk (NVE 2001). Her er m.a. høgste og lågaste vasstand regulert (HLV/LRV). Dette er ikkje planlagt endra.

Sjøområdet, Roslandspollen er i vann-nett skildra som ein beskytta kyst/fjordførekomst, med dårleg miljøtilstand, ukjent kjemisk tilstand og at det er nødvendig med tiltak for å oppnå god miljøtilstand. Bakgrunn for klassifiseringa er utslepp/avrenning frå spreidd busetnad, akvakultur og andre kjelde. Det er gitt løyve til reinsa utslepp frå anlegget i Rydlandspollen. Det vert teke jamlege prøver frå utsleppspunktet som m.a. gir grunnlag for vurdering av tiltak og gitt utsleppsløyve (ansvarleg mynde er Statsforvaltaren). Slam frå anlegget er kopla til det kommunale avløpsleidningen med utsleppspunkt i Herdlefjorden, jf. godkjent løyve etter særlov. Alternativ til dette er å samle slamm på anlegget, for så å lagre og transportere det vekk frå planområdet med bil (forventa omfang 1-2 gangar i veka). Utgangspunktet til tiltakshavar er å forholde seg til Statsforvaltaren i Vestland og godkjent løyve gitt av dei når det gjeld utslepp frå akvakulturproduksjonen.


Om plantiltaket (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e)

- o Skildring av planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak.
Det vil verta regulert for oppdrettsanlegg på land (påvekstanlegg) med tilhøyrande infrastruktur og tekniske komponentar. Det er tidleg i planleggingsfasen enda og under er førebels skisse av området og kva utforming ein ser for seg per i dag. Omfang av næringsføremål og hamn vil kunne bli endra ilt prosessen og er berre ein illustrasjon:
 - Relativt høg utnyttingsgrad innanfor næringsføremåla, opp mot samla 80%. Dette då ein ønskjer å kunne bygge frittståande fiskekar inne i produksjonshallar, samt at det skal sikre parkering og trafikkareal. Det vil vera fleire produksjonshallar på området. Framtidig plan vil heimle overbygg på fiskekara.
 - Produksjonshallane krev ei byggehøgde som tek i vare det tekniske og praktiske for drifta, noko som inneber bygningar for dei største fiskekara opp mot 16 meter høge bygg.
 - Næringsområdet vil, som i dag, vera på fleire planeringsnivå frå kote +2 ved kaien til kote +6 på dei øvre nivåa.
 - Ein ønskjer å etablere ny demning lengre oppe i elva, der det tidlegare (fram til 1980/90-talet) var demning. Elva vil der frå verta lagt i kanal under næringsområdet, slik som nedre del av området er utforma i dag.
 - Regulering av hamneområde med flytebrygge utanfor næringsføremålet for at mindre arbeidsbåtar kan legge til her. I tillegg, regulering av eit areal langs land mot Lundsneset for å kunne skape god overgang frå utfylling i sjø til land, samt moglegheit for gangbane og plassering av sjøleidningar (sjøvassinntak, utslepp og fisketransport).
 - Vassinntaket vil bestå der det er etablert i dag.
 - Posthuset er ønska fjerna, medan ein vil la Meieriet og Ishuset bestå. Meieriet vil verta nytta som lager, slik som i dag, og Ishuset brukendra til lager el.l. Ein vil i planprosessen avklare grunnlag og eventuelt behov for å rive posthuset i dialog med kommunen.
 - Ein ønskjer å kunne regulere grønne buffersoner mot busetnad og friluftsområde innanfor plangrensa.



Det er gjennomført ein grovanalyse for å kunne regulere utbetringar av Stekkevikvegen, til minimum 3,5 meter vegbreidd og siktforhold. Det er ikkje behov for utbetring av siktforhold med utgangspunkt i 30 km/t og minimum stoppsikt 20 meter. Det er ønskeleg å regulere fartsgrensa til 30 km/t på Stekkevikvegen. Utbetring av vegen til 3,5 meter vegbreidde er mogleg innanfor eigeidomen tilhøyrande kommunal veg, med unntak av eit mindre strekk i nordaust (areal utan eksisterande tiltak). Sjå vedlegg. Det er denne løysinga ein ønskjer å gå vidare med i detaljreguleringsplanen.

Det er undersøkt moglegheit for å regulere tilhøyrande fortau på minimum 2 meter breidde. Analysane viser at det er fleire konfliktpunkt mellom nye tiltak (utvida veg og nytt fortau) og etablerte eigeidomsgrenser, private tiltak (mur/hekk), samt at tiltaka vil med føre at to avkøyringar som vil få brattare stigningsforhold til bustad/garasje. Etablering av fortau langs Stekkevikvegen vil medføre negative verknadar for tilgrensande eigeidomar. Ein ønskjer på bakgrunn av dette, samt at N100 ikkje sett krav til fortau, å berre regulere for utbetringar av sjølve Stekkevikvegen som tilkomstveg. Det er også overordna vurdert alternative snarvegar/gangveg for busette i området fram til fylkesvegen. Det er få slike alternativ som ikkje medfører ein vesentleg omveg for gåande/syklande, eller vesentleg terrenginngrep for å kunne etablere tiltaket.



- Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet. Anlegget består i dag av frittstående fiskekar. På sikt vil alle fiskekara verta plassert innandørs i produksjonshallar. I dag framstår anlegget som eit kompakt anlegg der det er mørke rød farge på bygningar, og elles tradisjonelle frittstående fiskekar av ulik storleik.

Elva er i dag regulert og nedre del oppdemma innanfor planområdet. Vassdraget er dels kunstig opparbeida, oppdemt og tilrettelagt for vassuttak. Dette vil ein vidareføre då vassførekomsten er naturgrunnlaget for akvakulturproduksjonen.

Planområdet er klassifisert i klasse 1 jf. verna vassdrag, der ein skal unngå inngrep og aktivitetar som er negativt for m.a. fiske og framkomst i og langs vassstrengen. Forvaltnings-

plan for Rydlandsvassdraget er frå 2007. Denne planen gir m.a. delmål om å sikre dagens gode arealtilstand og at dette skal forvaltast etter klasseinndelinga av areal i vassdraget. Det er vidare mål om å auka kvaliteten på dei eksisterande fiskebestandane i vassdraget. Slik me les forvaltningsplanen har den i hovudsak mål om å sikre/ta vare på eksisterande og dagens situasjon. Det er ingen oppgang av anadrom fisk i elva m.a. då eksisterande demning hindrar oppgang. Det er planlagt endring i nedre del av elva. Flytting av eksisterande demning lengre opp i elva og dermed legge meir av elva i lukka kanal. Forhold til fisketrapp og ev. andre avbøtande tiltak er vurdert i samband med konsesjonssøknad for vassuttak, NVE 2001.

Meieriet er eit autentisk flott bygg ved sjøen, i dag nytta til lager. Ishuset er mindre autentisk utsjånad. Desse vil verta teke i vare som del av planframlegget. Posthuset som er til nedfalls ønskjer ein i utgangspunktet å fjerne som del av planframlegget, men i dialog med kommunen. Kulturmiljøet Vikabø vil vert redusert.



Venstre: Meieriet i framkant og Ishuset i bakkant. Høgre: Posthuset.

Ein vil ta vare på dei høgaste kollane mot busetnad i nord, samt friluftsområdet i sør, sjå skisse over. Deler av anleggsområdet er i dag inngjerda og er det ingen etablerte turvegar/stiar innanfor planområdet som går til Lunden friluftsområde. Ein ønskjer framleis å kunne gjerde inn deler av planområdet med omsyn til smitte og tryggleik.

Tilkomst til anlegget vil vera frå Stekkevikvegen, slik som i dag. Parkering og administrasjon vil vera i nordleg del av planområdet for slik å hindre uønska ferdsel inn på sjølve produksjonsområdet med omsyn til smitte og tryggleik. Det er i dag 11 tilsette på anlegget, og det vil verta nokre fleire ved full utbygging. Det er om lag 90 bilar med transport av yngel inn til anlegget per år, dette vil skje periodevis i tråd med produksjonslinja (transporten vil skje i perioden mai til desember). Trafikk til og frå anlegget vil ikkje auke proporsjonalt med auka produksjon. Dette har samanheng med driftstekniske forhold, som t.d. at fisken vert produsert lengre/større før den vert sett ut i sjø, og at det vert levert større volum før på anlegget per tur. Det er ikkje planlagt for endring av Stekkevikvegen utover å regulere utbetring av veggen og vurdere avbøtande tiltak for å redusere fart og sikt. Sjå vurderingar ovanfor (om plantiltaket). Det vil vera universell tilkomst til administrasjonsdelen av anlegget.

I dag vert fisk frå anlegget transportert i røyr frå anlegget og ut til flytebrygge utanfor brua inn til Rydlandspollen. Dette fordi brua er for låg til at brønnebåtar kjem under. Det er behov for at arbeidarar frå Salar Bruk bistår ved brønnebåten og det er difor behov for ei mindre flytebrygge for arbeidsbåtar ved sjølve anlegget. Eksisterande løysing for fisketransport vil

leggast til grunn i planframlegget, då det ikkje er ønskeleg å endra på brukonstruksjonen inn til Rydlandspollen. Ein ser ikkje for seg at full utbygging vil medføre fleire turar for fisketransport enn dagens situasjon. Dette er basert på at ein ser for seg at det kan fraktast meir og/eller større fisk per fisketransport.

Lokaliteten har godkjent løyve til produksjon og krav til reinsing av produksjonsavløp. Produksjonsavfall vil verta lagra og transportert i tråd med godkjent løyve etter særlov. For anna avfall, sanitært, vil det verta, som i dag, plassert container på området med avtale om henting ved anlegget frå privat renovatør. Det er kommunalt drikkevatt og sanitær avløpsløyving på anlegget i dag.

Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f)

- o Gitt skildringa av plan- og nærområdet, samt stadanalysen, korleis påverkar planarbeidet dei eksisterande forholda?

Anlegget ligg i strandsona der store deler er opparbeida og tilrettelagt for næringsverksemd. Sør for anlegget er det skogs- og friluftsområde med få tiltak/utbygging. Dei viktige landskapselementa i området vil verta teke i vare som grønt føremål/buffersone mot næringsareala. Dette omfattar elvekant, skrent og kollar mot nord, nordaust, sjå skisse ovanfor (kap.: om plantiltaket). Vidare vil buffersone mot friluftsområdet tilpassast areal som naturleg vender mot næringsområdet. Det er ikkje planlagt for erstatningsareal for omdisponering av friluftsområde i sør.

Næringsområdet ligg ved sjøen, og det er høgareliggjande areal i kring. Nye bygg og tiltak vil ikkje føre til silhuettverknad frå sjøsida, og det vil, slik som det også er i dag, vera minimalt med innsyn til området frå bru på fylkesvegen, skule og bufellesskap ved fylkesvegen. Ein vil opne for terrengendringar ved tilkomstvegen, og dermed opne meir for innsyn til næringsområde ved Stekkevegen enn dagens situasjon.

Tiltaka planen vil opne opp for er knytt til areal ved dagens anlegg, og ein vil framleis nytte dagens køyreveg frå fylkesvegen til næringsområdet. Den største terrengendringa er knytt til framtidig næringsområdet nord for elva. Vidare planlegging vil sjå på masseberekning og moglege tilpassingar i terrenget, høgde og utforming av bygningar for å dempe verknad for nærliggjande busetnad, og avgrense masseoverskot.

Det er planlagt utbetring av Stekkevikvegen med punktutbetringar som vil ha få negative verknadar for nærområdet og tilgrensande eigedomar. Utbetringane vil heller vera eit positivt tiltak for nærmiljøet og trafikksituasjonen langs vege. Trafikkmengda til anlegget vil ikkje auke i takt med auka produksjon, og ytterlegare avbøtande tiltak og fortau er vurdert som ikkje nødvendig. Det er ikkje planlagt for direkte arealbeslag på private eigedomar med uteområde pga. planframlegget.

- o Får planarbeidet verknader utanfor planområdet?
Ny utbygging vil dominere i vågen. Prosjektet vil truleg ha eit masseoverskot. Rydlands- vågen ligg i eit avgrensa landskapsrom. Det er nokre bustadar /hytter med direkte utsikt til anlegget. Anlegget ligg i strandsona med utsikt til sjø. Nærområdet til anlegget vil verta endra og næringsområdet meir opna for omgjevnaden enn i dag.

Positive effektar av tiltaket er i stor grad knytt til næringsaktivitet med stabile arbeidsplassar, realisering av tildelt produksjonsløyve og dermed matproduksjon, samt oppgradering av eksisterande næringsareal. Realisering av løyve gi eit ressursgrunnlag og sikre matfisk-anlegga i sjø med smolt av god kvalitet frå eige anlegg. Dette er positivt mellom anna i lys av perspektivet om ressurstilgang og biosikkerheit. I tillegg vil anlegget sikre tilgang på smolt, potensielt større smolt som kortar ned tida fisken står i sjøanlegga og som har positive verknadar i høve smitterisiko og lusepåslag.

Særlege utfordringar med planframlegget er knytt til etablering av større næringsbygg i eit kystlandskap og avgrensa landskapsrom, tett på sjøen og elv, samt kultur- og friluftregistreringar i influensområdet til planen.

Samfunnssikkerheit (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i)

- Korleis skal samfunnssikkerheita ivaretakast i planarbeidet, m.a. gjennom å førebyggje risiko og sårbarhet?


Stikkord: Overvann/flaum, skredfare/steinsprang, brann-/eksplosjonsfare, forureining i vatn/luft/grunn, friluftsliv, trafikkikkerhet, beredskap og tilkomst m.m.

Ras. I følgje NVE atlas er ikkje planområdet innanfor aktsemdsområde for snøskred, steinsprang, eller jord- og flaumskred. Det vil er ikkje planlagt gjennomført skredkartlegging som del av planarbeidet.

Flaum og springflod. Deler av næringsområdet nærmast sjøen er planlagt på lågast kote 2. Hovuddel av næringsareala vil liggje over kote +4, vil ligge godt over stormflonivå/havnivå (TEK17 med klimapåslag), som er berekna til 206 cm over normalnull.

I følgje NVE atlas er planområdet innanfor aktsemdsområde for flaum med ca. 5,12m vassstigning. Elva er regulert med demning og det er sett LRV/HRV for Rydlandsvatnet/. Nedre del av elva er lukka og vatnet renn i ein kanal under tilkomstvegen. Det er behov for å avklare flaumforhold ila planprosessen, og i lys av planlagt flytting av demningen.

Områdestabilitet/marin grense. Næringsområdet ligg under marin grense. Det er behov for å avklare områdestabilitet på land og i sjø ila planprosessen.



Utsnitt frå fylkesatlas.

Forureining i sjø, vatn, vassdrag og vassforsyningskjelder. Det er gitt utsløppsløyve til produksjonen på anlegget med vilkår, sjå vedlegg. Det er ikkje vassforsyningskjelder i nedslagsfeltet for anlegget. Planen vil opne for tiltak i strandsona, i sjø og ved/i elva. Anleggsarbeidet må gjennomførast på ein måte slik at desse ikkje vert negativt påverka. Forholdet til vassforskrifta og Forvaltningsplan for Rydlandsvassdraget skal belyst i planprosessen.

Støy-, luft eller grunnforureining. Det er ikkje registrert støy-, luft- eller grunnforureining som kan påverke tiltaka i planframlegget. Tiltaka som planen fremjar vil medføre anleggsperiode med støyande aktivitet, meir trafikk og aktivitet. Anlegget ligg skjerna, men det er busetnad relativt tett på. Avstand til støyfølsame bygg/tiltak som skule, bufellesskap er ca. 80 m frå vassinntak til bufellesskap og 200 m til skule. Bustadar med støyfølsame rom ligg nærmare enn dette. Det er gitt støygrenser til produksjonen på anlegget med vilkår som del av lokalitetskonsesjonen. Det er likevel planlagt å gjennomføre ei støyvurdering som del av planframlegget.

Høgspenlinjer. Det går ei høgspenlinje i luftspenn like nord for anlegget, samt langs den bratte skrenten mot nord. Det er etablert trafo like ved parkering og tilkomst til anlegget. Dette vil verta søkt flytta som del av den nye utbygginga.

Trafikktryggleik. Tilkomstveg til anlegget er via kommunal og privat veg utan fortausløyving og med busetnad relativt tett på. Det er om lag 20 bueningar, inkl. hytter, samt eit næringsområde i Storavika som nyttar Stekkeveikvegen som tilkomst. Vegen er relativt smal (ca. 3-3,5 m), men vert i dag nytta av større køyretøy. Det er planlagt breiddeutvidingar av vegen (vegbreidde min 3,5 meter). Omfang av trafikk til og frå anlegget vil ikkje verta vesentleg høgare enn dagens situasjon. Det er vurdert at det ikkje er behov for fortau langs vegen (sjå tidlegare vurderingar). Avkøyning til fylkesvegen er vurdert å vera akseptabel, og er framleis regulert i eksisterande reguleringsplan.

Lagring eller transport av farleg stoff/gods. Det vil vera oksygen på anlegget som må jamleg fyllast på. Det er krav til sikringsone kring slik infrastruktur.

Varsling (jf. forskriftas § 1 andre ledd bokstav h og j)

- Er det vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet?

Planområdet er lokalisert i strandsona, nær statleg sikra friluftsområde og kulturmiljø, samt vassdrag.

- Kva offentlege instansar og andre interesserte skal varslast ved oppstart?

Statsforvaltar, Fylkeskommune, Museum Vest, Kystverket, Fiskeridirektoratet, Fiskarlaget Vest, Mattilsynet, Bergen Hamn, NVE, Statens vegvesen, BKK Nett. Naturvernforbundet Hordland og Bergen og omland Friluftsråd (BOF). Ønskjer innspel frå kommunen dei kjenner til om det er lokale lag/organisasjonar som bør varslast.

Medverknad og samarbeid (jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k)

- Skildre prosesser for samarbeid og medverknad for å involvere aktuelle fagmyndigheiter, grunneigarar, naboar og andre partar i planarbeidet.

Tiltakshavar vil gjennomføre møte med nærmaste naboar, dette for å informere om arbeidet og kva forhold dei er opptatt av. Ein vil også vurdere å organisere ope informasjonsmøte i løpet av planprosessen. Det er naturleg at dette vert gjennomført som del av eller etter varsel om oppstart, og når ein har fleire detaljar kring utforming av tiltak og verknadar av tiltaka.

Ein vil organisere eige møte med kommune og Bergen Omland Friluftsråd med omsyn til verknad og eigedomsgrenser for Lunden friluftsområde.

Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredninger (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav l)

- Krev planen konsekvensutgreiing og planprogram eller melding etter forskrifta §6, eller krev planen konsekvensutgreiing etter forskriftas § 8 fordi tiltaket får vesentlege verknader for miljø og samfunn? For reguleringsplaner med krav om KU etter §8 er det ikkje krav om planprogram.

Vurdering:

§ 6 b): Me vurderer at planen ikkje kjem inn under § 6b og vedlegg I, som omfattar tiltak/planar som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram.

Grunngjeving: Planar og utvikling av området er i stor grad i samsvar med overordna plan (kommuneplanen sin arealdel). Eventuelt aktuell punkt i vedlegg I er nr. 24 (*Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m²*). Samt nr. 12, om transport av vatn, nr. 13, om reinseanlegg for spillvatn og nr. 15, om dammar og andre anlegg.

- Nr. 24: Dagens bygningsmasse inkludert frittstående fiskekar er om lag 5,5 dekar. Planlagde nye bygningar, utover eksisterande tiltak og framtidig overbygg av fiskekar, vil samla truleg vera under bruksareal på 15 000 m². Ut frå dette meiner vi at planen ikkje fell under § 6b og tiltak i KU-forskrifta vedlegg I

- Nr. 12 og nr. 15: Tilgang til ferskvatn for produksjon på anlegget er avklart i konsesjonshandsaming og løyve frå NVE 2001. Det er ikkje planlagt endringar for vassinntaket. Det er planar om å flytte demning i elva lengre opp i elva, til areal der det tidlegare var demning. KU forskrifta gir at større tiltak skal konsesjonshandsamast etter særlovar og at det er NVE som er ansvarleg mynde. Ut frå dette meiner vi at planen ikkje fell under § 6b og tiltak i KU-forskrifta vedlegg I.

Nr. 13: Det er ikkje planlagt reinseanlegg for spillvatn. Det er etablerte løysingar for reinsing av produksjonsvatn og desse følgjer gitt løyve etter forureiningslova (Statsforvaltar i Vestland 2014). Ut frå dette meiner vi at planen ikkje fell under § 6b og tiltak i KU-forskrifta vedlegg I.

§ 7: Me vurderer at planen fell ikkje inn under § 7, planar og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding.

Grunngjeving: Planen inneheld ikkje tiltak i vedlegg II som vert handsama etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringsloven, eller skal vedtakast av eit departement.

§§ 8 og 10: Det er planar for landbasert akvakulturverksemd, næringsføremål, samt flytte demning, jf. konsekvensforskrifta vedlegg II punkt 1 f), 11 j) og 10 g). Me vurderer at plansaka ikkje er relevant for punkt 11 c), om reinseanlegg for spillvatn, og punkt 10 m) om transport av vatn. Då dette er forhold som er avklart i gitte og evt. framtidige løyve.

Me vurderer at planframlegget fell inn under § 8 a); reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II: Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei får vesentlege verknadar for miljø og samfunn (vurdering etter § 10), men ikkje ha planprogram eller melding.

Grunngjeving: Det er registrerte verdiar og ressursar innanfor og i nærområdet/influensområde til planen, sjå kapittel ovanfor. Ein skal regulere eksisterande tiltak/infrastruktur, samt ei utviding i område som ikkje er avsett til næringsføremål. Store deler av området og planlagde tiltak er i stor grad i tråd med gjeldande kommuneplan; næringsføremål. Likevel vil utvidinga og utbetringar vera av eit omfang som kan vesentleg påverke registrerte verdiar/ressursar i nærområdet. Sjå tabell under for detaljar.

Kriterium § 10	Vurdering
Eigenskapar ved planen eller tiltaket omfattar:	
a) størrelse, planområde og utforming	Planområdet er om lag 57,6 dekar stort. Sjå kapittel ovanfor for planlagde tiltak og plansituasjon. Arealet planlagt for næringsbygg etc. er regulert til næringsføremål, bustad og grønstruktur, samt friluftsområde i sjø i KPA.
b) bruken av naturressurser, særleg arealar, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressursar	Det er ikkje dyrka mark innanfor planområdet eller fiskeriinteresser innanfor eller nærleiken av planområdet. Det er heller ikkje kartfesta mineralressursar i området (grus/pukk/mineral). Planområdet omfattar nedre del av Rydlandselva. Det er ikkje oppgang av anadrom fisk i vassdraget og elva/vassdraget er regulert. Anlegget er avhengig av tilgang til ferskvatn og sjøvatn samt utslepp til god resipient. Det er gitt løyve til akvakulturproduksjon her med m.a. løyve til utslepp 2014, og uttak av vatn i NVE-konsesjon 2001.
c) avfallsproduksjon og utslipp	Det vil ikkje vera avfallsproduksjon innanfor planområdet. Reinsing av utsleppsvatn vil verta handsama etter løyve, og slam vil verta plassert i lukka bygning/konstruksjon og transportert ut frå planområdet. Det er gitt løyve til akvakulturproduksjon her med m.a. løyve til utslepp.
d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer	Næringsområdet skal undersøkast med omsyn til flaumfare. Nye bygg og tiltak skal prosjekterast etter TEK17. Trafikktryggleikstiltak vil verta planlagt for langs tilkomstvegen. Det vil verta gjennomført ROS-analyse i planarbeidet.

Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:	
a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven	<p>Det er ikkje registrert verna område, utvalde naturtypar, prioriterte artar, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, samt automatisk freda kulturminne i området.</p> <p>Deler av planområdet er del av verna vassdrag (verna mot kraftutbygging) og i område med omsyn kulturmiljø (Vikabø). Det er planlagt for tiltak som medfører arealbeslag og påverknad for kulturmiljø og for vassdraget. Det er ikkje planlagt å endre konsesjonsløyve for vassuttak, utover å flytte på demning.</p>
b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv	<p>I artsdatakartet er det registrert skuehavgras (nær trua) innanfor planområdet. Dette er ein art i havgrasfamilien som voks i brakk- og saltvatn. Lokaliseringa er sett på land og med ein unøyaktigheit på 200 meter. Det er usikkerheit om denne registreringa er innanfor planområdet. Det er elles få artsobservasjonar utanfor planområdet. Planområdet er del av kystlandskap som generelt er sårbart for inngrep. Deler av planområdet er statleg sikra for friluftsliv, Lunden friluftsområde.</p> <p>Det er planlagt for tiltak som medfører arealbeslag, terrenginngrep og påverknad for friluftsområde.</p>
c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.	<p>Store deler av planområdet ligg i 100-metersbeltet mot sjø, og det er sett byggegrense i føremåls-grense for næringsområdet i KPA.</p> <p>Tiltaka planen vil opne for er type næring som har behov for å liggje ved sjøen (oppdrett på land, kai, utsepp/vassinntak). Planen legg opp til gjenbruk og utvikling av eksisterande næringsområde.</p>
d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	<p>Planen omdisponerer deler av statleg sikra friluftsområde.</p> <p>Det er ikkje planlagt tiltak i LNF-område eller område som er av stor betydning for landbruksverksemd.</p>
e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	<p>Roslandspollen er registrert kystvassførekomst med dårleg miljøtilstand, ukjent kjemisk tilstand og at det er nødvendig med tiltak for å oppnå god miljøtilstand. Anlegget sin verknad for utslepp i Roslandspollen vert jamleg undersøkt, og dersom produksjonen har uakseptabel verknad på miljøet vil forureiningsmynde trekke inn/endre løyve for produksjonen. Forhold til utslepp frå produksjonen vert handsama via anna lovverk enn plan- og bygningslova, men vil verta omtala og belyst i reguleringsplanen.</p> <p>Vassdraget er også registrert med dårleg miljøtilstand med utgangspunkt i fiskehinder og regulering. Det er planlagt å oppretthalde demning i vassdraget. Det er gitt vassdragsløyve i 2001. Forholdet vil verta belyst i reguleringsplanen.</p>

f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	Det er gitt løyve til akvakulturproduksjon og utslepp på lokaliteten. Det er bustadar relativt nærme anlegget. Det er få klagar knytt til dagens anlegg som har vore på staden sidan 50/60-talet.
g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Det er gitt løyve til akvakulturproduksjon og utslepp på lokaliteten. Forhold til utslepp frå produksjonen vert handsama via anna lovverk enn plan- og bygningslova, men forholdet til forureining som er arealspesifikt som støy, lys, lukt vil verta vurdert og belyst i reguleringsplanen.
h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom	Deler av området er flaumutsett (aktsemds-område), og områda skal sikrast som del av planframlegget.

- o Om planen krev konsekvensutgreiing, kva tema er aktuelle å greia ut:

Ein vurderer at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing, men ikkje behov for planprogram.

Aktuelle tema for konsekvensutgreiinga er:

- Landskap og kulturmiljø inkl. arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet
- Friluftsliv (land og sjø)
- Naturmangfald m.a. ifht. økosystemtenester, miljømål./forureining, naturmangfaldslova og vassforskrifta
- Nærmiljø (lyd, lys og lukt) inkl. forureining
- Transportbehov, energiforbruk og -løysingar
- Næringsutvikling / samfunnsverknad

ROS-analysen vil vurdere verknadar som følgje av klimaendringar, havnivåstigning, stormflo, flaum og skred.

Andre relevante tema vil verta ein del av planomtalen med ei vurdering av verknad jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. I tillegg skal ein utarbeide ROS-analyse som vil m.a. avdekke risiko og sårbarheit knytt til tema flaumfare, potensiale for kvikkleire/områdestabilitet, trafikkfare og spesielle forhold knytt til type næringsaktivitet som planen opnar for.